

Ein Jær-prest i Valle kyrkje i Setesdal

(Artikkelen er eit utdrag av ein større artikkel i *Ætt og Heim* 2003)¹

av Randi Rostrup

I sakristiet i Valle kyrkje i Setesdal heng det eit lite måleri av ein prest. Portrettet syner ein mann med skjegg, men med ein såpass glatt hud at han knappast kan vera meir enn 35-40 år gamal. Ein latinsk tekst er måla på biletet. Her kan me lesa at denne presten var fødd 4. juli 1613, ordinert til prest 1. desember 1637 og gift 7. mars 1641. Det er sett av plass til dødsåret, men dette er ikkje ført på.

På biletrama er det sett på ein lapp der det står: «Esaias Hansen Bugge, sogneprest fra 1661 til 1697». Esaias Bugge vart sokneprest i Valle i 1659, etter å ha vore kapellan hjå føremannen Nils Pederson, som døydde dette året.² I ein søknad frå november 1697 om å få overlata kallet til svigersonen Augustinus Dons, kjem det fram at han vart kapellan i 1653. Då fortel han at han har vore prest i Setesdal i 45 år.³ Han døydde berre nokre veker etter dette.

Men er det no så sikkert at presten på biletet er Esaias Bugge? I så fall skulle han ha vore gift i 20 år før han fekk born og ha vore kapellan ein annan stad i seksten år før han kom til Valle. Nokon kapellan med dette namnet finst ikkje nemnd nokon stad i landet før 1653, korkje i prenta eller uprenta kjelder. Korleis høver fødeåret 1613 med det som elles er kjent om presten Bugge?

Esaias Hansson Bugge frå Etne i Sunnhordland, fødd kring 1625-1626

Esaias Hansson Bugge var son til Hans Nilsson Bugge, sokneprest i Etne frå 1612 til 1637, og andre kona hans Maren Andersdotter frå Skånevik.⁴ I futemantalet for Råbyggelaget 1665 er Esaias Bugge ført opp som 40 år gamal. Då skulle han vera fødd kring 1625. Han vart immatrikulert ved universitetet i København den 16. oktober 1647.⁵ På den tida var studentane oftast rundt 20-21 år gamle når dei vart innskrivne ved universitetet og Esaias Bugge skulle då vera fødd kring 1626. Faren Hans Bugge gifta seg andre gongen kring 1624 og det er liten tvil om at Esaias var av dette ekteskapet, for det var hjå hans etterkomarar i Setesdal at liktalen til mormor hans i si tid vart funnen.⁶ Han kalla dessutan eldste dotter si Maren etter mor si, slik vanleg skikk var på den tida.

Her har me opplysningar frå tre uavhengige kjelder som alle tyder på at Esaias Bugge ikkje kan vera fødd før 1625-26. Det gjer det plent umogleg at det kan vera han som er avbilda, for presten på måleriet må vera minst 12 år eldre enn Esaias Bugge. Årstala på biletet høver heller ikkje med andre kjende prestar i Valle, heller ikkje i dei andre prestegjelda i Råbyggelaget (Setesdal) prosti. Så kven er då presten på biletet og kva har han med Valle kyrkje i Setesdal å gjera?

¹ Randi Rostrup: *Ætt og annet om prester i Rogaland og Setesdal*. *Ætt og Heim* 2003, Rogaland Historie- og Ættesogelag, Stavanger, s. 61-156. Sjå denne artikkelen for kjeldetilvisingar til arkivmateriale.

² Etter Ryningen var han nemnd som sokneprest den 20. mars 1659, men var etter Jonasen nemnd «salig» 10. juni same år. Alfred Ryningen: *Gards- og ættesoge Valle*, bd. 4, Valle kommune 1985-87, s. 399; Johan Jonasen: *Litt av hvert i Setesdal på 1600-tallet (del 2)*. *Ætt og Heim* 1960, Rogaland Historie- og Ættesogelag, Stavanger, s. 89.

³ *Norske kongebrev med innlegg og regester*. v/Rolf Fladby m.fl. (red.), Norsk lokalhistorisk institutt, Oslo 1993, bd. 6, 1695-1699, s. 133.

⁴ Yngve Nedrebø: Nye svar på spørsmålene om hvem Etnepresten Hans Nielssen Bugge var gift med. *Norsk slektshistorisk tidsskrift*, bd. 28, 1982, s. 65-69.

⁵ *Kjøbenhavns Universitets Matrikel, 1. bind (1611-1667)*. v/ S. Birket-Smith, København 1890, s. 209.

⁶ Tarald Nomeland: Likprædiken over Margrethe Michelsdatter sal. hr. Anders Jonsens enke i Skaanevik. *Norsk slektshistorisk tidsskrift*, bd. 12, 1950, s. 32-41.

Peder Nilsson frå Setesdal, sokneprest i Hå 1639-1655

I 1639 kom ein Peder Nilsson som ny sokneprest i Hå prestegjeld på Jæren (eller Bø, som prestegjeldet heitte på den tida). Lite har vore kjent om denne presten og til no har ingen visst kvar han stamma frå. Ein liten peikepinn om opphavet får me i ei presteliste frå 1648. Der er han nemleg skriven som «Petrus Nicolai Sæthersdalensis».⁷ Det er latin og tyder «Peder Nilsson frå Setesdal».

Peder Nilsson tok over embetet etter den førre soknepresten Christen Lauritsson Lind, som døydde i midten av 1639. Ikkje lenge etter gifta han seg med Margrete Pedersdotter Trane, enkja etter Christen Lind. Ho var då godt over 50 år gamal og hadde mange born. Det var vanleg at ein ny prest gifta seg med enkja etter den førre presten. Dette verka som ei pensjonsordning der enkja og borna hennar vart forsørgde. Ekteskap med presteenkjja var ofte eit vilkår for å få eit presstekall. Aldersskilnaden kunne av den grunn vera temmeleg stor. Det var ikkje uvanleg at enkja kunne vera både 20 og 30 år eldre enn den nye ektemaken. Slike ekteskap vart oftast inngått når nådensåret⁸ var omme. I dette tilfellet skulle det verta i slutten av 1640 eller i byrjinga av 1641.

Portrettet som i dag heng i sakristiet i Valle kyrkje, måla på eiketre i tida 1641-1655. Storleik 24 x 17 cm. Kunstnar ukjend.

Tekst:

NASCITUR AO 1613 4 JULY
ORDINATUR AO 1637 1 DCMBR
MATRIMONIUM INIT AO 1641
7 MARTY
MORITUR AO ...

Dødsåret er ikkje påført. Tidlegare har ein trudd at dette var Esaias Hansson Bugge, sokneprest i Setesdal 1659-1697, medan det no syner seg at det truleg er prestesonen Peder Nilsson frå Setesdal, sokneprest i Hå (Bø) på Jæren 1639-1655.

Foto: Leonhard Jansen, 2003.



Av det vesle som elles er kjent om denne presten, kan ein sjå at han i sine seksten år som sokneprest i Hå må ha vore ein fredsæl mann som kom bra ut av det både med kyrkjelyden og med enkja og dei mange borna hennar. Han døydde barnlaus våren 1655 og enkja overlevde han med femten år. Først i 1670 var det skifte etter henne.

Det er Axel Kielland som første gong omtalar denne presten,⁹ som han meiner må vera identisk med den «Petrus Nicolaj Stavangriensis» som vart immatrikulert ved universitetet i København den 23. mai 1627, etter å ha gått på latinskulen i Stavanger.¹⁰ Ut frå vanleg immatrikuleringsalder skulle han då vera fødd kring 1607. Dersom dette var den seinare Hå-presten ville han

⁷ Gerhard Reiner Bruenech: *Forskjellige Samlinger til Christiansands Stifts Geistligheds Historie*, Ms. f. nr. 241. Fra Bruenechs personalhistoriske og genealogiske samlinger, Ms. f. 240-245. Nasjonalbibliotekets håndskriftsamling, Oslo.

⁸ Nådensåret var det første året etter at ein sokneprest døydde og då enkja hadde alle inntektene av kallet.

⁹ Axel Kielland: *Familien Kielland med dens kognatiske ascendents*. Christiania 1897, s. 256.

¹⁰ *Kjøbenhavns Universitets Matrikel*, 1. bind, op. cit., s. 78.

vera kring 35 år når han gifta seg med enkja Margrete Trane. Men åtte år seinare, den 26. april 1634, vart det immatrikulert nok ein student med namnet «Petrus Nicolai Stavangriensis», også han frå latinskulen i Stavanger.¹¹ Ingen har til no identifisert denne studenten, så kunne ikkje dete like gjerne vera han som vart prest i Hå? Denne Peder Nilsson ville då vera fødd kring 1613-1614 og berre 27 år gamal når han gifta seg med den over 25 år eldre presteenkja. Det var nok denne aldersskilnaden mellom ektemakane som fekk Kielland til å gissa på at det var den eldste av dei to som vart sokneprest i Hå.

Går me no attende til dato og årstal på måleriet finn me at dei høver forbløffande bra med det som elles er kjent om Peder Nilsson på Hå – dersom han er identisk med den yngste av dei to studentane. Han ville då vera fødd den 4. juli 1613, immatrikulert ved universitetet den 26. april 1634 21 år gamal og 24 ½ år gamal når han vart ordinert til prest den 1. desember 1637. Vidare ville han vera 27 år når han gifta seg den 7. mars 1641 og 41 år når han døydde våren 1655. Om det er han som er avbilda, skulle portrettet vera utført ein gong i tida 1641-1655 (under føresetnad av at teksten vart påført samstundes som portrettet vart måla).

Men dersom dette er presten på biletet, kva har så portrettet av Jær-presten Peder Nilsson i Valle kyrkje i Setesdal å gjera? Ei gamal segn frå Ryfylke kan gjeva ei god forklaring på det.

Ei gamal segn frå Ryfylke

I 1640 kom Torkel Nilsson frå Setesdal til Ryfylke og slo seg ned på garden Fatland i Sand.¹² Torkel var son til Setesdals-presten Nils Pederson (føremannen til Esaias Bugge) og kona hans Sigrid Torkelsdotter frå Indre Vanvik i Sand. Ho ervde garden Fatland i Sand frå far sin Torkel Fatland. Torkel Nilsson vendte såleis attende til ættegarden som var mora sin odel.

I band 1 av Sand-bøkene er det gjeve att ei gamal segn som fortel om fleire av borna til Setesdals-presten Nils Pederson, mellom anna ein son som vart prest i Hå. Forfattaren Ernst B. Drange er skeptisk til dette og konkluderer: «Truleg tek segna feil.»¹³ Som me såg ovanfor, heitte Hå-presten i tida 1639-1655 nettopp Peder Nilsson, ein mann som truleg var frå Setesdal og med same farsnamn som Torkel Fatland. Er det rett at han var bror til Torkel, må òg Peder ha vore son til Nils Pederson, sokneprest i Setesdal 1611-1659.

Nils Pederson er første gong nemnd som prest Valle i 1610.¹⁴ Då var han kapellan hjå faren Peder Nilsson, men alt året etter er han nemnd som sokneprest.¹⁵ På denne tida var det vanskeleg for ein prest å gifta seg før han vart sokneprest, for lønna som kapellan var som oftast altfor låg til å kunna forsørgja ein familie. Då er det rimeleg å tru at han gifta seg med Sigrid Torkelsdotter i 1611 eller 1612. Peder må ha vore den førstefødde sonen, oppkalla etter farfaren Peder, som vanleg var på den tida.

Då Peder Nilsson på Hå døydde barnlaus våren 1655, levde enno foreldra hans. Utan livsarvingar var det etter lova foreldra som ervde sonen. Det forklarar korleis portrettet kom attende til Setesdal.

Provet på slektskapen

Sjølv om både oppkalling og alle årstal peikar i same retning, er det enno berre indisium og ikkje noko prov på at Peder Nilsson på Hå var son til Nils Pederson i Setesdal. Men det finst eit faktum som ikkje kan forklarast på anna vis enn at dei to må ha vore far og son, nemleg arv av jordegods. Då Peder Nilsson døydde i 1655, åtte han heile garden Hellvik i Eigersund, som hadde ei landskyld på 3 laupar smør og 3 huder. Dette var ein gard som føremannen – både i embetet og ekteskapet – hadde hatt i pant sidan 1624, men som Peder eit par år før han døydde hadde løyst

¹¹ Ibid., s. 122.

¹² Aanund O. Harstad: Niels Pedersen, sokneprest “udi Sættersdal prestegield og provst i Robygdelen”. *Årsskrift 48 for Agder historielag*, Kristiansand 1970, s. 65.

¹³ Ernst Berge Drange: *Sand – Gardar og folk*. Suldal kommune 1997, bd. 1, s. 451.

¹⁴ *Aktstykker til de norske stændermøders historie 1548-1661*. Kildeskriftfondet, Oslo 1929-1984, bd. 1, s. 128.

¹⁵ Johan Jonassen: *Reiseruter Stavanger-Oslo i gamle dager. Ætt og Heim* 1953, Rogaland Historie- og Ættesogelag, Stavanger 1953, s. 32.

ut frå enkja og borna hennar. I 1656, året etter at Peder døydde, finn me i odelsskattelistene for Råbyggelaget at «Her Niels Pedersben, sognepræst til Walde præstegjeld» er ført som eigar av Hellvik med 3 laupar smør og 3 huder. Dette kan ikkje forklarast på anna vis enn at faren Nils Pederson må ha arva sonen sin, Peder Nilsson. Dette er ikkje berre eit fullgodt prov på slektskapen, men syner òg at den gamle ryfylkesegna var heilt rett.

Portrettet av Hå-presten Peder Nilsson frå Setesdal

Kva tid måleriet kom til Valle kyrkje er det ikkje råd å seia noko visst om, men det mest sannsynlege er nok at Nils Pederson fekk biletet som ein del av arven etter sonen i 1655 og sjølv hengde det opp i sakristiet medan han enno var sokneprest. Men biletet kan òg ha kome til kyrkja på eit langt seinare tidspunkt, då ingen lenger visste kven det var. Då har ein eller annan berre gissa på at det må ha vore Esaias Bugge – i mangel av betre kandidatar. Dette må ha skjedd for minst 150 år sidan, for alt i 1896 skreiv Peter Blom (sokneprest i Valle 1864-1880) at eit portrett av Esaias Bugge hengde i sakristiet i Valle kyrkje.¹⁶ Like etter skreiv kyrkjhistorikaren Daniel Thrap det same,¹⁷ og dette er sidan gjeve att som eit faktum.

Sjølv om det no er prova at den gamle ryfylkesegna var sann og at Hå-presten Peder Nilsson var eldste son til Setesdals-presten Nils Pederson, er det dermed ikkje prova at det er han som er avbilda på måleriet. Indisia er allikevel så mange og eintydige at ein i det minste kan seia at det høgst sannsynleg er Hå-presten Peder Nilsson frå Setesdal. Det som derimot er heilt sikkert, er at det ikkje er Esaias Bugge.

¹⁶ P[eter] Blom: *Beskrivelse over Valle prestegjeld i Sætersdalen med dets prestehistorie og sagn*. Gjøvik 1896, s. 89.

¹⁷ Daniel Thrap: *Christiansands stifts prester i det syttende århundret*. Christiania 1899, s. 166.